



# Straumleverandørane må no innhente fødselsnummer for alle straumkundane

*Frå 1. september 2015 er alle nettselskap og straumleverandørar pålagt å innhente kundane sin fødselsnummer. Fødselsnummera skal brukast for på ein trygg måte identifisere kundane og tryggja personvernet i den nye nasjonale løysinga for informasjonsutveksling i straummarknaden (Elhub).*

5/ 2015

Oppdatert 13.01.2017



*Smarte målere gjør det enklere å følge med på strømforbruket fra mobiltelefoner og nettbrett.  
Illustrasjonsfoto: Enova.*

## KVA ER ELHUB?

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har pålagt Statnett å utvikle Elhub, og skal etter planen setjast i drift 23. oktober 2017. Løysinga skal syrgje for ei effektiv utveksling av måleverdiar og kundeinformasjon som vert nytta til leverandørskifte, avrekning og ved fakturering av nettleige og straumsal.

Elhub skal medverke til auka konkurranse og innovasjon i straummarknaden, og syrgje for ei trygg og effektiv handtering av måleverdier frå dei nye smarte straummålarane (AMS) som skal installerast hos alle straumkundane innan 2019.

Smarte straummålarar vil gi forbrukarane betre informasjon om sitt eige straumforbruk, og medføre ei meir nøyaktig avrekning slik at kundane blir fakturert for sitt faktiske forbruk. Straumkundane vil få betre oversikt over straumforbruket sitt og gjere det mogeleg å bruke straum på ein meir fleksibel, effektiv og miljøsparande måte. Straumkundane kan også bli plusskundar og produsere sin eigen straum.

## FØDSELSNUMMER VERT HENTA FRÅ FOLKEREGETERET

For å sikre at flest mogeleg har fødselsnummeret registrert i Elhub når informasjonsløysinga skal brukast, har NVE pålagt nettselskap og straumleverandørar å hente inn fødselsnummer frå 1. september 2015. Når Elhub vert sett i drift, skal alle straumavtalar innehalde fødselsnummer for at kunden skal identifiserast på ein sikker måte.

For å avdekke korrekt identitet for straumkunden, må kunden kontaktast når den eksisterande kundeinformasjonen hos nettselskap og straumleverandør er i motstrid med kvarandre.

## KUNDEN BESTEMMER TILGANG TIL DATA

Personopplysningar, inkludert fødselsnummer og måleverdiar, som vert lagra i Elhub skal ikkje delast med andre enn dei kunden sjølv måtte ha avtale med. Alle straumleverandørane skal tilby webbløysingar som gir straumkundane oversikt over kven som har tilgang til deira opplysningar. Kundane styrer sjølv kva for aktørar som til ei kvar tid har tilgang

## NYTT REGELVERK MED ELHUB

NVE har vedteke nye forskrifter for å leggje til rette for innføring av Elhub, og mellom anna er det vedteke reglar om korleis nettselskap og straumleverandørar skal ta del i førebuingane for den nye løysinga. Dei viktigaste endringane for straumkundane i førebuingane til Elhub er som følgjer:

- For å kunne syrgje for god datakvalitet, tryggleik og personvern i Elhub må alle kundane registrerast med ein unik identifikasjon. Dette medfører at alle personar som er straumkunde må identifiserast med fødselsnummer (eventuelt d-nummer, eit identifikasjonsnummer som vert tildelt alle utlendingar som har vore busett i Noreg mindre enn seks månadar). Unik identifikasjon vil medføre betre informasjon til kundane på ein effektiv måte, og samstundes hindre at uvedkommande får tilgang til opplysningar i Elhub.
- Alle kundane skal få oversikt over kva for personopplysningar som vert lagra i Elhub, og dei vil kunne styre kven som skal få tilgang til opplysningane i ei eiga webløysing. Webløysinga skal vere tilgjengeleg på internettsidene til alle aktørar som er knytt til Elhub. I hovudsak skal det lagrast opplysningar om kunden sitt namn, fødselsnummer, adresse, kontaktopplysningar og historisk straumforbruk for dei siste tre åra. Det skal ikkje lagrast andre personopplysningar i Elhub.
- Straumleverandørar og nettselskap kan innhente fødselsnummer og d-nummer frå Det sentrale folkeregister, men i enkelte høve må dei kontakte kunden direkte for å få korrekte opplysningar.
- Dersom det ikkje er registrert fødselsnummer, d-nummer eller organisasjonsnummer for kunden er straumleveringsavtalen ugyldig og i strid med regelverket som skal gjelde frå 23. oktober 2017. Dette vil i verste fall føre til at anlegget vert stengt dersom det ikkje er mogeleg for aktørane å identifisere kven som er kunde i målepunktet.
- For kvart enkelt målepunkt skal det vere same person som står registrert med avtale til både nettselskap og straumleverandør. Ved inngåing av straumleveringsavtale syrgjer straumleverandøren for at same person vert knytt til nettleigeavtalen, og dersom det er registrert ulike personar kan ein kontakte straumleverandøren for å registrere korrekt informasjon.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er eit direktorat under Olje- og energidepartementet.

NVE har ansvar for å forvalte Noregs vass- og energiressurser. NVE ivaretar også dei statlege forvaltningsoppgåva innafor skredførebygging.

NVE skal sikre ein heilheitleg og miljøvennleg forvaltning av vassdraga, fremme ein effektiv kraftomsetjing og kostnads- effektive energisystem og medverke til ein effektiv energibruk.

NVE har ein sentral rolle i beredskapen mot flaum og skred- og vassdrag-sulykker, og leier den nasjonale kraftforsyningsberedskapen.

NVE er engasjert i FoU og internasjonalt samarbeid innafor sine fagområder. NVE er nasjonal fag- institusjon for hydrologi.

### KONTAKT

NVE hovudkontor  
Middelthunsgt. 29  
Postboks 5091  
Majorstuen  
0301 Oslo

Telefon: 09575

[www.nve.no](http://www.nve.no)